

Mistillitsreform på blå resept

Den 1. januar kom det ei ny forskrift som angår blå resept. Blå resept er legemidlar som heilt eller delvis blir dekkja av folketrygda. Personar som har kroniske sjukdommar, og som treng behandling i minst tre månader kvart kalenderår, kan ha krav på legemidlar eller medisinsk utstyr på blå resept. Desse reseptane blir skrivne ut av helsepersonell, ofte av fastlegane i samarbeid med pasientane og spesialisthelsetenesta. Ofte er legemidlane som blir dekt av blåresept-ordninga dyre. Ordninga har eit solidaritetsprinsipp og har hatt ein betydeleg sosial profil. Uansett om ein er fattig eller rik får ein den medisinske behandlinga ein treng når ein treng den. Blåresept-ordninga har med andre ord vore eit godt velferdsbidrag.

Årsaka til lovendringa er ein rapport frå Riksrevisjonen i 2015 der Helse- og omsorgsdepartementet fekk kritikk for ikkje å ha sørja for fleire sanksjonsmoglegheiter mot legar som misbrukte blåresept-ordninga. Eit samrøystes Storting røysta for vedtaket i 2019.

Den nye forskrifta innskrenkar dei individuelle behandlingsbehova som ulike legar og klinikkar ivaretek saman med pasientane sjølv. Blant anna er det innført personlege gebyr ved brot på reglane om forskriving på blå resept, dvs. at kvar enkelt lege risikerer stor bøter dersom dei gjer feil når dei skriv ut blå reseptar. Legane risikerer å måtte betale frå 10 000 kroner ved "lågare grad krav av skuld" og opp til kroner 212 789 kroner (to gongar grunnbeløpet i folketrygda) ved "betydeleg grad av skuld". Pasientar som får legemidlar på blå resept i dag risikerer å miste denne retten sidan legane mistar moglegheitene til sjølvstendige vurderingar i gråsoneproblemstillingar der legane før har jobba for å finne gode helseløysingar for kvar enkelt pasient i samarbeid med pasienten. T.d. har migrenepasientar fått legemidlar på blå resept, som ikkje er definert innan ordninga. No må i verste fall pasientane får kvit resept, betale alt sjølv og søke om individuell refusjon hos helfo.

Frå 1.januar 2021 vart det ei frikortordning i staden for to, og det vart eit felles eigenandeltak for alle tenestene som inngår i frikortordninga. Det nye taket for frikort for 2021 var kroner 2460,-. Frå 1.januar 2022 blei eigenandeltaket auka til kroner 2921,-, ei auke på kroner 461,-. Endringa i blåresept-ordninga og auken i eigenandeltaket får konsekvensar for dei som har minst; uføre og kronisk sjuke, og er nok eit bidrag til auken i forskjellane.

Fastlegane har reagert kraftig på den nye blåresept-forskrifta og tolkar den som ein mistillit, og meiner dette kan bli spikaren i kista for heile fastlegeordninga. Dei og andre legar har starta ein blåresept-aksjon der legar blir oppfordra til å avgrense utskrivning av blå reseptar - noko som får konsekvensar for pasientane. Fastlegane er no bekymra for heile fastlegeordninga. Fastlegeordninga er allereie vaklande med vakante stillingar rundt om i mange kommunar. Fastlegeyrket har vorte så belastande at det er vanskeleg å dekkje behovet. Mistar vi denne ordninga utan å ha eit anna godt offentleg system, er det dei mest svakstilte gruppene i befolkninga som risikerer å bli hardast ramma. Folk med god økonomi vil som oftast har råd til å kjøpe seg legehjelp, og vil kunne klare litt høgare legemiddelutgifter.

Helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol har gått ut og sagt at regjeringa skal lojalt følge opp dei lovane som er vedtekne av Stortinget, men at regjeringa kan endre forskrifta slik at lova ikkje blir praktisert urimeleg. Ho vil sette i gang ein prosess for å endre forskrifta og retningslinene, men ikkje lova.

Fleire organisasjonar, bla Kreftforeininga, LHL og Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, har sendt brev til helseministeren med krav om full retrett og endring av lova. Dei ønskjer ikkje eit kompromiss.

SV i samarbeid med Raudt vil fremje forslag om å endre lova og er i ferd med å samle støtte frå andre parti. Marian Hussein seier til VG: "Statsråden har sagt at hun har tillit til leger som fagfolk. Nå må hun vise dette i praksis. Det er klokt å snu."

Blåresept-ordninga må reverserast og tillitsreform gjennomførast.

Møre og Romsdal SV

Sendast til SV's helsefraksjon på Stortinget